



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunenesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Ressurssjukepleiar - 100% fast stilling, Lerketunet

Stillingsinformasjon

Det er ledig 700% fast sjukepleiarstilling ved Lerketunet frå 01.12.2017.

Stillinga vert knytta mot funksjon som ressurs-sjukepleiar der ein legg inn definerte arbeidsoppgåver i stillinga.

Lerketunet er eit bufellesskap for personar som lever med demens sjukdom der det er 12 pasientar som bur fast ved institusjonen.

Vi legg vekt på god fagleg kompetanse, samarbeidsevner, interesse for miljøarbeid og demensomsorg. Det vert vektlagt gode evner til å skapa eit triveleg miljø for pasientar, pårørande og medarbeidrarar.

Ved eventuell interne søkerar/ tilsetting kan anna stilling som sjukepleiar verta ledig.

Arbeidsplass

Meland Sjukeheim har denne visjonen:

Omsorg med livsglede og kompetanse.

Være verdiar er:

Respekt - Tillit - Livsglede.

Meland sjukeheim har desse avdelingane:

- Korttidsavdeling - Solkroken
- Langtidsavdeling - Nordgardstunet og Lerketunet
- Institusjonskjøkken
- Dagsenter for eldre

Meland Sjukeheim arbeider med eit prosjekt for å styrkja kvalitet på tenesta. Verkemiddel her er mellom anna arbeid med årsturnus og heiltidskultur.

Vidare gjevarbeid med årsturnus høve til å påverka eigen ferie og fritid.

Kvalifikasjonskrav

Off. godkjend sjukepleiar / 3-årig sjukepleiehøgskule.

Gode norsk kunnskapar, skriftleg og munnleg.

Erfaring, samarbeidsevner og personlege eigenskapar vert vektlagt.

Det er ynskjeleg med erfaring / vidareutdanning i demens og eldreomsorg.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 09.11.2017

Utlyst dato 24.10.2017

Vårref

720/17

Kontaktperson

Randi Rotevatn Minde, Leiar Meland sjukeheim, tlf: 56171230, randi.r.minde@meland.kommune.no